

Pressekonferanse og skriv til politikarane om smittesituasjonen.

06.11.2020



Skjermbilete frå pressekonferansen i dag, fredag 6. november.

I dag heldt ordførar, kommuneoverlege og kommunedirektør ein pressekonferanse på rådhuset, i høve siste tids utvikling rundt Korona-situasjonen i Kvinnherad kommune. Denne finn de i opptak her: <https://kvinnherad.kommunetv.no/no/archive/60>. Prssemelding frå Kyrkja i Kvinnherad vert lagt ut i morgen, laurdag 7. november.

Kvinnherad kommune har dei siste 2 dagane hatt eit auka smittetrykk, og 6 personar er stadfesta smitta. Arbeidet med smittesporing og kartlegging av nærbokahtar osb., har resultert til at i alt 98 personar no er i karantene per dato. Ein forventar at fleire smittetilfelle vil koma til.

Vår kommunale eining, Undarheim barnehage, er stengt inntil vidare. Eit av smittetilfella, er ved denne barnehagen.

Det er i dag sett communal kriselening. Beredskapsarbeidet og kriselening vil halda møte gjennom helga. Ein vil heile tida gjera vurderingar om aktuelle tiltak og presiseringar, knytt til den vidare utviklinga av situasjonen. Ein vil også gjera vurderingar på korleis ein skal gjennomføra politiske møte i tida som kjem, og koma attende med faglege råd knytt til dette.

Det viktigaste no er å visa varsemd ovanfor alle i lokalsamfunnet.

- Hald god avstand til kvarandre
- God hand- og hostehygiene
- Hald deg mest mogeleg heime.

Mange arrangement og ulike tilstellingar registerer eg no blir avlyst, og me vil oppleva ein auka sosial distansering. Dette heng og saman med regjeringa sine nye tiltak og presiseringar frå pressekonferanse i går.

Eg vil oppdatera Dykk i vegen vidare.
Ynskjer Dykk alle ei god helg. Vis varsemd. Alt godt.

Beste helsing

Hans Inge Myrvold

Ordførar

Tekst: Kristian Bringedal / skriv til folkevalde

Foto: Skjermbilete frå pressekonferansen

Nett: Kristian Bringedal